



**HØGSKULEN I VOLDA**  
Volda University College

## Nyhendebrev nr. 44, 16. desember 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [johann.roppen@hivolda.no](mailto:johann.roppen@hivolda.no).

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)

### Årets siste nyhendebrev: God jul og (snart) godt nytt år!



Høgskulen er open alle kvardagar i romjula kl 10.00-14.00 og dette er også arbeidstid for dei som ikkje har fri eller avspaserer i romjula. Alle tilsette og studentar med nøkkeltorg har som vanleg tilgang til høgskulen heile døgnet, heile året. Første vanlege arbeidsdag blir 2. januar 2023 og då er også kantina open.

*God jul og eit godt nytt år til alle tilsette, studentar og alle andre som får dette nyhendebrevet!*



## Samlingsbasert matsuksess

Det har frå hausten 2022 vorte mogleg å studere mat og helse ved Høgskulen i Volda som eit samlingsbasert studietilbod. Det har slått godt an og no er det 18 studentar frå heile Sør-Noreg som gjennomfører [vidareutdanningsstudiet på 30 studiepoeng](#).

**LES MEIR**



## Rektorbloggen/julekort: 12 bilde frå 2022

2022 har nesten passert oss - og det har gått fykande fort! Blant det som har skjedd er korona i januar, direktørskifte i sommar og mange jubileum, ikkje minst 100 år med Kaarstad-huset. Her er året oppsummert gjennom 12 bilde frå året som var.

**LES MEIR**



## Søknadsfrist på dekanstillinger: 2. januar 2023

Høgskulen i Volda har lyst ut tre dekanstillinger med søknadsfrist 2. januar 2023. Dei tre avdelingane er [Avdeling for kulturfag, samfunnsfag og historie](#) og [humanistiske fag og lærarutdanning](#). Dei fireårige åremåla til dei tre noverande dekanane går ut 31. juli 2023.

[LES MEIR](#)



## Resultatet er klart: Helsing frå det nye rektoratet

Valstyret har nett gjort kjent at frå 1.8.2023 er det Odd Helge Mjellem Tonheim som blir ny rektor og ny prorektor blir Eirik Søvik. Det var 286 som avla si røyst i valet og 237 studentar og tilsette som røysta på det nye rektoratet. Tonheim og Søvik kjem her med ei helsing på rektorbloggen etter at valresultatet er klart.

[LES MEIR](#)

## Studium og studentliv



### Pris for kvalitet i utdanninga til fagmiljøet i animasjon

Pris for kvalitet i utdanninga 2022 ved Høgskulen i Volda (HVO) går til fagmiljøet ved animasjon ved Avdeling for mediefag. Pris for kvalitet i utdanninga er ein årleg pris som styret tildeler i siste styremøte i året. Prorektor Odd Helge Mjellem Tonheim seier at prisen skal synleggjøre den gode innsatsen ein person eller eit fagmiljø gjer for å fremje kvalitet i utdanning ved HVO. Dei blir nominert fram av tilsette og studentar. [Les meir på nettsidene våre.](#)

### Digital eksamen svikta - fekk ingen konsekvensar

Måndag 12. desember svikta det digitale eksamenssystemet Inspera også i Volda, men etter 15 minutt virka systemet igjen. Det var ingen digitale skuleeksamenar i Volda akkurat denne dagen, og heller ingen som hadde frist for innlevering av heimeeksamen akkurat då Inspera stoppa, så dette ser ikkje ut til ha fått konsekvensar for studentar ved Høgskulen i Volda. Alle studentane som arbeidde med heimeeksamen fekk utvida svarfrist like lenge som dei mista tilgangen til Inspera. Studentsørvis og IT-hjelp var også raskt på plass for å hjelpe studentar som fekk problem, men vi har ikkje fått meldingar om at studentar tok kontakt for å få hjelp.



### **Studentveka og Studentrevyen 2023!**

Studentveka 2023 blir arrangert over to veker, med start 10. februar 2023 og siste arrangement blir etter planen 25. februar. Studentrevyen har premiere 10. februar. Og det aller meste skjer som vanleg på Rokken, og programmet blir tilgjengeleg på [www.rokken.no](http://www.rokken.no)

### **Studentar må registrer seg for nytt semester no**

Alle studentar, både nye og dei i eksisterande studieløp, må registrere seg for nytt semester i 2023. [Finn snarveg til registreringa her.](#)

### **Kompetanse for kvalitet: Nye tilbod vil løfte barnehagane**

Med heile tre nye vidareutdanningstilbod for barnehagelærar, tilbyr Høgskulen i Volda frå hausten 2023 av fem tilbod under ordninga Kompetanse for fremtidens barnehage (KfB). Dei tre tilboda er innanfor Spesialpedagogikk, leiing av utviklingsarbeid og digital kompetanse. [Her er meir informasjon om alle tilboda, i tillegg til liknande tilbod for lærarar i grunnskulen.](#)

### **Master in Media Practices har opna for søking**

Den tverrfaglege mediemastergraden ved Høgskulen i Volda har opna for søking. Her kan du bli ein del av eit internasjonalt miljø med studentar og førelesarar med bakgrunn frå ulike medieprofesjonar. [Les meir på nettsidene våre.](#)

# Styre og stell

## **Gerd-Mette Vatne Drabløs tilsett som ny studiedirektør ved Høgskulen i Volda**

Tilsettingsutvalet ved Høgskulen i Volda har i møte 16. desember vedtatt å tilby Gerd-Mette Vatne Drabløs (50) stillinga som ny studiedirektør ved Høgskulen i Volda.

[Drabløs er i dag seksjonsleiar i avdeling for kompetanseutvikling i Viken](#)

[fylkeskommune](#). Av utdanning har ho blant anna hovudfag i norsk frå NTNU. Stillinga vart lyst ut etter at studiedirektør Ann Kristin Emblem vart tilsett som direktør ved høgskulen. Drabløs får no tilbod om stillinga og vil ta til etter nærare avtale.

## **Studentparlamentsleiar Trond Fredrik Hagemann Hoddevik: "Eit demokratisk val utan reelle alternativ"**

"Det er utruleg bittert å tenke at ein studieinstitusjon som Høgskulen i Volda ikkje klarer å ha fleire kandidatar i eit rektorval", [skriv leiar for Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda, Trond Fredrik Hagemann Hoddevik i eit innlegg i Khrono](#).

## **Arbeidstid i jula 2022 for alle tilsette ved høgskulen**

Arbeidstida for alle tilsette på Høgskulen i jule- og nyttårshelga blir slik:

23.12.: Kl. 08:00 – 13:00

27.12.: Kl. 10:00 – 14:00

28.12.: Kl. 10:00 – 14:00

29.12.: Kl. 10:00 – 14:00

30.12.: Kl. 10:00 – 14:00

## **Opningstider og bemanning i biblioteket i jula**

Biblioteket ved Høgskulen i Volda reduserer tal timar med bemanna bibliotek i siste veka før jul og i romjula er det meirope bibliotek utan bemanning. Tysdag 3. januar blir første dag med vanleg opningstid og bemanning i biblioteket. Meirope bibliotek betyr at det er tilgang til biblioteket for dei som har student- og tilsettkort mellom klokka 07.00–24.00 kvar dag. [Les meir om opningstidene på biblioteket sine nettsider](#).



### **No kjem det flybuss til Hovden**

Frå 2. januar 2023 vil det vere mogleg å reise med buss til dei første morgonflya frå Hovden. Det vil gå buss både frå Volda og frå Ørsta. Bussen går frå Volda og Ørsta rutebilstasjon klokka 05.25. Den nye busstilbodet om morgonen kjem i staden for Svipp-ordninga som har gitt drosje til buss-pris. Svipp-ordninga vil framleis vere tilgjengeleg på sein kveldstid. [Les meir om Fram Svipp her.](#)

### **HVO må spare straum: Slutt på gratis lading av elektriske bilar**

Frå 1. januar 2023 blir straumen kutta i kontaktane som har gitt gratis straum til lading av el-bilar på Høgskulen i Volda. Dette blir gjort fordi høgskulen skal spare straum, og tiltaket er også tilrådd av Arbeidsmiljøutvalet (AMU). Ladepunkta vi har i dag vert også skrudd av omsyn til branntryggleik. For el-bilar arbeider høgskulen med å få på plass ein avtale med Tussa Installasjon om å montere ca. 10 ladepunkt for el-bilar. Dette vil vonleg kome på plass våren 2023 og har ein samla kostnad for høgskulen på ca. Kr 650.000. For å spare straum vil Høgskulen også skru ned eller av ventilasjonen utanom vanleg arbeidstid, altså på kveld- og helgetid.

### **HVO vil la seg høyre: Mange parallelle statlege høyringar**

Det er mange høyringar på gang for vår sektor nett no og nedanfor står eit oversyn over høyringar som HVO har valt å prioritere å sende svar på. Den vanlege måten å

arbeide med høyringar på HVO er at arbeidsgrupper får delegert ansvar for å kome med framlegg til høyringssvar. Alle som vil må gjerne kome med innspel til kontaktpersonar i arbeidsgruppene. Arbeidsgruppen kjem så med utkast til svar som blir lagt fram for drøfting i relevante forum, som regel dekanmøtet. Deretter blir høyringssvaret sendt.

- Aktuelle høyringar ordna etter svarfrist:
- **Finansieringssystemet:**  
**"Innhenting av synspunkter på kategoriene i finansieringssystemet for universiteter og høyskoler." Saksdokument: 14/01200-15**
  - Ansvarleg: Prorektor (direktør + økonomisjef)
    - Høyringsfrist 9.1.2023 (ny frist)
- **Ytringsfridomskommisjonen:**  
**NOU 2022:9 En åpen og opplyst offentlig samtale**
  - <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-20229-en-apen-og-opplyst-offentlig-samtale-horing/id2928888/>
    - Ansvarleg: AMF (Henrik G. Bastiansen)
      - Høyringsfrist: 16.1.2023
- **Skikkavurderingar:**  
**"Forslag om endringer i skikkethetsforskriften i høyere utdanning". Sak: 22/01167**
  - <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-forslag-om-endringer-i-skikkethetsforskriften-i-hoyere-utdanning/id2933613/>
    - Ansvarleg: AHL/ASH/Studieadm. (Elisabeth Welle)
    - Høyringsfrist: 28.1.2023
- **Karriereutvikling for lærarar:**  
**NOU 2022:13: Med videre betydning: Et helhetlig system for kompetanse- og karriereutvikling i barnehage og skole**
  - <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2022-13/id2929000/>
  - Ansvarleg: AHL m.fl. (Silje Ims Lied)
    - Intern høyringsfrist 31.1.2023 (til internt utval)
- **Studentopptak:**  
**NOU 2022: 17 Veier inn - ny modell for opptak til universiteter og høyskoler. Saksdokument: 22/01285-1.**
  - <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-nou-2022-17-veier-inn-ny-modell-for-opptak-til-universiteter-og-hoyskoler/id2950211/>
  - Ansvarleg: Studieadministrasjonen
    - Høyringsfrist: 9.3.2023

## Fag og forskning



Tilsette blir oppmoda til å legge ut informasjon om interne seminar og faglege arrangement på kalenderen på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no).



### **Ingeborg Berg Skogen disputerer 3. februar 2023**

[Høgskulelektor Ingeborg Berg Skogen](#), AKF, disputerer ved Høgskulen i Volda fredag 3. februar 2023 på ei avhandling med tittelen: «Stor og aktiv? Ungdommer og helsesykepleiere om fysisk aktivitet som oppfølging for ungdom med overvekt». Skogen har vore doktorgradsstudent på ph.d.-utdanninga Profesjonsutøving – vilkår og utvikling som Høgskulen i Volda og Høgskolen i Molde driv i lag. Avhandlinga er samansett av ei kappe og tre publiserte artiklar. Skogen har vore førsteforfattar på alle dei tre artiklane og har hatt andre fagfolk ved Høgskulen i Volda som medforfattar, blant dei hovudrettleiar [førsteamanuensis Kjetil Høydal](#), AKF. Ingeborg Berg Skogen er fast tilsett som høgskulelektor på [institutt for idrett og friluftsliv ved Høgskulen i Volda](#).

### **Sniffa seg fram til nordiske forskingsmidlar**

[Førsteamanuensis Erik Fooladi](#), AHL/realfag, har saman med nordiske kollegaer frå Finland og Danmark fått tildelt forskingsmidlar på ca. kr 430.000 frå Nordforsk for å utforske korleis lukt og luktesans bidreg til å skape mening i ulike miljø. Prosjektet skal bli gjennomført som eksperiment, verkstader og andre aktivitetar for eit allment publikum i Norden, blant anna i Atlanterhavsparken i Ålesund som Fooladi allereie

samarbeider med i eit anna prosjekt. [Nordforsk er ein organisasjon under Nordisk Ministerråd](#) som støttar Nordisk forskning og forskingssamarbeid.

### **Voldaforskarar bidrog i nasjonal rapport om digitalisering i skulen**

Kunnskapssenteret for utdanning ved Universitetet i Stavanger publiserte onsdag 14. desember sin sluttrapport om digitalisering i skulen som har vorte undersøkt i GrunnDig-prosjektet. Professor Elaine Munthe er leiar i Kunnskapssenteret for utdanning, og Munthe er også [professor II ved Høgskulen i Volda](#). Frå Høgskulen i Volda har førsteamanuensane [Synnøve Moltudal](#) og [Synnøve Amdam](#) vore med i forskargruppa som også har hatt deltakarar frå Universitet i Stavanger og Universitetet i Oslo. Les meir prosjektet [på nettsidene våre](#).



### **Ny litteratur i biblioteket: November-lista**

Biblioteket på HVO lagar kvar månad ei liste over nyinnkjøpt litteratur frå månaden før. Dette gjeld både fagbøker og skjønnlitteratur. [Her er lista for november](#) - og nedst på sida er det lenke til lister for tidlegare månader.

### **Kunst- og handverkslærarar delar på idear**

Høgskulen i Volda har saman med Universitetet i Sørøst- Norge, Oslo Met, Høgskulen på Vestlandet, Nord Universitet, Norsk design og arkitektursenter og BIBSYS DLR starta ein nettstad der det er samla ressursar for lærarar i Kunst og handverk. Som til dømes instruksjonsfilmar om fotografering eller samanføyingsteknikkar i tre, eller inspirasjon til oppgåvetekster. [Les meir på nettsidene våre.](#)

### **Stipendiatstillingar dei komande åra: Få utlysingar i 2023**

Høgskulen i Volda har dei siste to åra tilsett svært mange stipendiatar og [har for tida ca. 60 tilsette som arbeider med doktorgradsprosjekt](#). Av desse er ca. 40 stipendiatar i ordinære 3- eller 4-årige løp, og i tillegg kjem ca. 20 fast tilsette som også arbeider med doktorgradsprosjekt, dei fleste innanfor ei [lokal ordning med 5-årige stipend](#).

Leiinga har no laga ei framskriving der det er teke omsyn til kor mange stipendiatar som alt er i løp og kva det er budsjett til å dekke dei komande åra. Ut frå dette vil Høgskulen i Volda i 2023 lyse ut 2-3 stipendiatstillingar tilknytt [doktorgradsutdanninga i helse- og sosial som er ein fellesgrad](#) i samarbeid med Høgskolen i Molde. [I tillegg kjem ei stipendiatstilling i samfunnsplanlegging og berekraft som er finansiert av Møre og Romsdal fylkeskommune, og med søknadsfrist 15. januar 2023.](#)

I 2024 ønsker Høgskulen i Volda å starte opp sitt eige doktorgradsprogram i Utdanning, språk og kultur. Då vil det etter planen vert lyst ut 5-6 stipendiatstillingar på dette programmet - i tillegg til 2-3 stipendiatstillingar knytt til fellesgraden med Høgskolen i Molde. Frå 2025 er det venta at det bli rom for fleire stipendiatstillingar enn dei vi "må" ha for å drive doktorgradsprogramma på ein god måte.

### **Registrering av faglege arbeid i Cristin-systemet**

Fristen for å [registrere faglege arbeid i 2022 i Cristin-systemet](#) er 16. januar 2023. Ta eventuelt kontakt med [rådgivar Bente Gunn Lien](#) om du ikkje har tilgang til Cristin eller treng anna hjelp.

### **Forskningsgruppene kan søke om driftsmidlar - frist 2. januar**

Forskningsadministrasjonen har lyst ut midlar for å stimulere til aktivitet i [dei over 40 forskningsgruppene ved Høgskulen](#) i 2023. Midlane til forskningsgruppene skal brukast til å styrke faglege aktivitetar, stimulere til internasjonalt forskningssamarbeid og utarbeiding av søknader om eksterne forskningsmidlar. For 2023 kan forskningsgrupper med minimum 5 medlemmar blant dei fagtilsette ved HVO søkje om ein sum mellom kr. 20.000 og kr. 50.000. Søknadsfristen for støtte for 2023 er 2. januar 2023 og resultatet av tildelinga blir kjent seinare i januar. Ubrukte midlar frå tildelinga for 2022 vil bli trekt inn ved årsskiftet, og det same vil gjelde for 2023.

## Nytt om namn

**Vi vil gjerne sjå deg: Legg inn bilde på nettsida di på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)**

Det er mange tilsette som har teke til i stilling på HVO no i haust. Alle tilsette får automatisk ei personleg side på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no). Alle tilsette blir med dette oppmoda til å legge inn bilde av seg sjølv på den personlege sida, så blir det lettare å bli kjent med mange nye ansikt. [Her er rettleiing til korleis ein skal oppdatere si personlege side.](#)



### Faglege opprykk på Hedemann Amdam og Skorpen

Tilsettingsutvalet for fagleg tilsette har i møte 14. desember tilkjent faglege opprykk til to tilsette på Høgskulen i Volda. [Leif Bjørn Skorpen](#), AHL/Realfag har vorte tilkjent kompetanse som dosent i matematikdidaktikk. [Synnøve Hedemann Amdam](#), AHL/IDK, har vorte tilkjent kompetanse som førsteamanuensis i pedagogikk.

### Fojcik ny leiar i Stipendiatforeninga

[Stipendiatforeninga ved Høgskulen i Volda](#) hadde møte torsdag 8. desember og der vart [Martyna Katarzyna Fojcik](#) vald som ny leiar for Stipendiatforeninga med verknad frå 1. januar 23. Ho tek over etter [Kim Andre Refvik](#). [Kirsti Kverndokk Bjerkan](#) held fram som nestleiar.

# Publisering og formidling

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon om ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin](#).

Legg også ved lenke til publiseringa di.

## Fleire publiseringar av Lie Berge om lagring og lekkasjefare for CO2 i havbotnen

[Førsteamanuensis Runar Lie Berge](#), AHL/Realfag, har saman med fleire andre forskarar publisert ein tidsskriftartikkel og to konferanseartiklar der det vert utvikla nye matematiske modellar og statistiske metodar for å kartlegge moglegheitene for lekkasje som kan oppstå ved lagring av CO2 i Nordsjøen. I artiklane ser dei nærare på Smeaheia-reservoaret som er peika ut som eit mogleg reservoar for lagring av CO2. Her er publiseringane:

- Berge, R.L., Gasda, S.E., Keilegavlen E. and Sandve, T.H. (2022), [Impact of deformation bands on fault-related fluid flow in field-scale simulations](#), i International Journal of Greenhouse Gas Control (Elsevier).
- Gasda, S., Keilegavlen, E., Sandve, T.H., Berge, R. Pettersson, P. and Krumscheid, S. (2022). [Practical field-scale simulation approaches for quantification of fault-related leakage under uncertainty](#). 16th Greenhouse Gas Control Technologies Conference, SSRN.
- Skurtveit, E., Bjørnara, T., Michie, E., Gasda, S., Keilegavlen, E., Sandve, T.H., Berge, R., Pettersson, P., Eidsvig, U., and Braathen, A. (2022). [Updated workflow for fault risk assessment and application to Vette Fault Zone, Horda Platform, offshore Norway](#). 16th Greenhouse Gas Control Technologies Conference, SSRN.

## Løland om korleis profesjonelle skiguidar planlegg skiturar i skredfarleg terreng

[Stipendiat Stig Løland](#), AKF, har saman med den svenske forskaren Markus Hällgren (Umeå) publisert artikkelen "[Where to ski?: an ethnography of how guides make sense while planning](#)" i tidsskriftet "Leisure Studies" (Taylor & Francis Online).

## Ekeland om Placebo

[Professor em. Tor-Johan Ekeland](#), ASH/Sosialfag har skrive eit kapittel med tittelen: "Placebo - en relasjonell helseressurs" i den dansk/norske antologien "[Relasjonsboka = Relationsbogen. Dynamisk relasjonsarbeid](#)". Boka har undertittelen:

Medmenneskelig, sammenhengende og effektiv behandling for mennesker med psykisk lidelse" og er gitt ut på Hertervig akademisk. [Boka er tilgjengelig på Akademika.](#)

### **Andenes og Dahl om hjelp til foreldre med vanskar knytt til psykisk helse og rus**

[Høgskulelektor Ellen Andenes](#) og [førsteamanuensis Silje Louise Dahl](#), begge ASH, har publisert artikkelen "[Oppfølging av foreldre med vansker knyttet til psykisk helse og/eller rus på forsterket helsestasjon: Hva har bidratt til mestring av foreldrerollen?](#)" i Tidsskrift for psykisk helsearbeid.

### **Ryslett om mat og måltid i barnehagen**

[Førstelektor Kari Ryslett](#), AHL, har blitt intervjuet i tidsskriftet Første steg om temaet: Mat og måltidet. Den eine intervjuet har tittelen: [Barnehageansatte har for lite kunnskap om mat](#) og den andre har tittelen: [Slik får du barna til å smake ny mat.](#)

## **Ledige stillingar**

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

### **Lyser ut tre dekanstillinger**

Høgskulen i Volda har lyst ut tre dekanstillinger med søknadsfrist 2. januar 2023. Dei tre avdelingane er Avdeling for kulturfag, samfunnsfag og historie og humanistiske fag og lærarutdanning. Dei fireårige åremåla til dei tre dekanane går ut 31. juli 2023.

### **Ledige stillingar**

[Dekan: Avdeling for samfunnsfag og historie - søknadsfrist 2.1.2023](#)

[Dekan: Avdeling for kulturfag - søknadsfrist 2.1.2023](#)

[Dekan: Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning - søknadsfrist 2.1.2023](#)

[Forskningsrådgivar - st.nr. 62/2022 - søknadsfrist 2.1.2023](#)

[Forskningsrådgivar - st.nr. 63/2022 - søknadsfrist 2.1.2023](#)

[Driftsteknikar – søknadsfrist 8.1.2023](#)

[Førsteamanuensis/ førstelektor/ høgskulelektor i religion, livssyn og etikk - søknadsfrist 10.1.2023](#)

[Førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i pedagogikk/spesialpedagogikk - søknadsfrist 12.1.2023](#)

[Stipendiatstilling i samfunnsplanlegging - søknadsfrist 15.1.2023](#)

# Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

## Faglege og sosiale arrangement og hendingar på og ved HVO:

### Hausten 2022:

- 9.-16.12.2022: [Val av ny rektor og prorektor](#)
- 15.12.2022: Juleavslutningar fo AKF og Felleadministrasjonen
- 16.12.2022: Juleavslutningar for AHL, ASH og AMF

### Våren 2023:

- 12.-13.1.2023: GLU-seminar, Loen
- 20.1.2023: Høgskuleforum ("Forum for det utvida høgskuleområdet"), HVO
- 27.1.2023: [Fagdag, geriatri](#), BK Store auditorium
- 3.2.2023: Disputas [Ingeborg Berg Skogen](#), Høgskulen i Volda
- 8.2.2023: [Internasjonal dag 2023](#)
- 10.-25.2.2023: [Studentveka 2023](#), Rokken
- 10.2.2023: Premiere, studentrevyen 2023
- 9.3.2023: [Høgskulestyret](#)
- 16.-17.3.2023: ASH Avdelingsseminar
- 20.-23.4.2023: [X2-festivalen](#)
- 11.-12.4.2023: AKF Avdelingsseminar
- 3.-4.5.2023: Styreseminar og [møte i høgskulestyret](#)
- 25.-26.5.2023: [NOA - Nasjonal konferanse om norsk som andrespråk](#), HVO
- 15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)
- 20.-21.6.2022: [Fjordkonferansen](#), Loen

### Hausten 2023:

- 1.8.2023: Ny fireårsperiode for styre, rektorat og 3 dekanar
- 15.8.2023: [Studiestart studieåret 2023-2024](#)  
[Sunnmøre Kammermusikkfestival](#)
- 7.9.2023: [Høgskulestyret](#)  
[Animation Volda](#)
- 26.-27.10.2023: [Høgskulestyret \(seminar og styremøte\)](#)
- 7.12.2023: [Høgskulestyret](#)

## Faste lenker:

## LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

## REKTORBLOGGEN

15.12.2022: [Julekort-bloggen 2022: Frå oss til oss](#)

7.12.2022: [Orientering til høgskulestyret](#)

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

## HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)

[Tiktok](#)

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Offentleg journal \(postliste\)](#)

## STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[StudentTV](#) - Sjå også [Youtube-kanalen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

# Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: [postmottak@hivolda.no](mailto:postmottak@hivolda.no)

[Personvern](#)





[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)